

TELEMARK BONDELAG



Utenriksdepartementet
Postboks 8114 Dep
0032 OSLO
Norge

Vår sakshandsamar
Amund Johnsrud
35 95 90 32

Vår dato
04.05.2012
Dykkar dato

Vår referanse
12/00283-4
Dykkar referanse

NOU 2012:12 "Innenfor og utenfor" Høyringsvar frå Telemark Bondelag

Regjeringas europautgreiing, NOU 2012:2 "Utenfor og innenfor", har aktualisert og forsterka debatten om Norges tilknytning til EU/EØS, og den tar opp fleire tema som viser korleis landbruket i aukande grad vert råka av meir internasjonal og europeisk tilpassing. Det skjer trass i at landbrukssektoren i Norge, formelt sett, har unnatak frå EØS.

NOU'en peikar særleg på tre område:

- Matvaretryggleik og veterinære saker
- Liberalisering av landbruksvarehandelen (artikkel 19 og protokoll 3 i EØS-avtala)
- Generelle EØS-reglar med særleg vekt på arbeidsinnvandring

Regelverket knytt til det første kulepunktet utgjør nå 40 % av EØS-rettsaktene og 90 % av Mattilsynet sitt regelverk. Avgjerande for denne utviklinga har vore Norges aksept av EUs veterinæravtale og bortfall av den veterinære grensekontrollen.

Når det gjeld liberalisering av landbruksvarehandelen er ostekvoten i dag oppe i 7200 tonn. Importen av landbruksvarer er femdobla i mengde mellom 1990 og 2010.

Når ein les den NOU'en er det eit stort tankekors å sjå at landbruksnæringa blir framstilt som problemet i Norges forhold til EU, framfor å vurdere om EU-tilpassinga eigentleg er i tråd med Norges interesser. Det er gjennomgåande at norsk landbrukspolitikkk blir framstilt som proteksjonistisk og uheldig for forbrukarane. I det perspektivet "hjelper" EU-tilpassinga oss til få politikken inn i eit betre spor. Det er svært uheldig at ei offisiell utgreiing har ei så skeiv framstilling av vårt tilhøve til EU, og ikkje tek vare på nasjonale interesser på ein betre måte

Europautgreiingas fleirtal overdriv eter vår meining dei positive og bagatelliserer dei negative effektane av EØS-avtala for norske forbrukarar og veterinærfeltet, utan å grunngje dette fagleg. Dei negative effektane av auka import blir framstilt som isolerte problem for norske særinteresser. Det blir vist forståing for EUs manglande tolmod for auka

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse:
Landbrukets hus, Bøvegen 271
3810 GVARV
Telemark Bondelag
Bondelagets Servicekontor AS

Besöksadresse:
Landbrukets hus, Bøvegen 271
3810 GVARV
Org.nr.: 939678670
Org.nr.: 985063001 MVA

Tlf:
35 95 90 30

Bankkonto: 2630.07.00526
Bankkonto: 8101.05. 91392

E-post:
telemark@bondelaget.no

Internett:
<http://www.bondelaget.no/telemark/>

Vår dato
04.05.2012

Vår referanse
12/00283-4

liberalisering, medan lite vekt blir lagt på kor skeiv tilstanden er i EUs favør når det gjeld både handel og manglande utjamning av råvareprisar i protokoll 3. Dei positive effektane av EØS og EUs politikk blir tillagt stor vekt, medan dei negative effektane får liten plass. Vurderingane blir einsidige og ubalanserte.

Telemark Bondelag vil åtvare mot einsidig å leggje Europautgreiinga sitt syn til grunn når det no skal utarbeidast ei stortingsmelding. Det er nødvendig at deira syn blir balansert i det vidare arbeidet.

Fleirtalet i utgreiinga legg også vekt på at *forbrukarane* har fått billigare mat og betre utval som følge av auka import gjennom EØS-avtala, og at landbruksunntaket frå EØS har vore ein ulempe for forbrukaren. Dei skriv lite om korleis importvernet er ein fordel for heile det norske samfunnet gjennom dei fellesgoda landbruket bidreg med, og det omfattande næringslivet vi har frå jord til bord. Det er heller ikkje gitt at lågare pris til bonden ville gitt automatisk lågare pris i butikk. Det ville sannsynlegvis gitt mindre norsk produksjon, jamfør det svenske dømet. Undersøkingar m.a. frå EU-kommisjonen viser at prisfall til bonde, heller ikkje får direkte effekt på forbrukarprisar.

Med venleg helsing

Elektronisk godkjent, utan underskrift

Kjell A. Sølverød

Amund Johnsrud